

Årsmelding for Glesnes Ungdoms og Idrettslag 2021

Styret 2021:

Ronja Glesnes	Leiar
Karin Sangolt	Kasserar
Maria Dalland	Styremedlem
Inge Kausland	Styremedlem
Anne Kathrine Tveit	Styremedlem
Maria Haganes	Styremedlem
Brigitte Haganes	Styremedlem
Kristoffer Hjelle	Styremedlem
Simon Hamre	Styremedlem



Sjøsport- og sykkelansvarleg:

Halvard Kallestad

Idrettsminister:

Lars Frode Grevle

Husstyrarinde/styrrar:

Ellen i Bogen og Bernt Vallestad


OPPSUMMERING 2021

Nok eit spesielt år for oss alle er over. Me må likevel sette pris på dei fine tinga me fekk til i GUIL 😊

I påsken kom store og små frå bygda seg ut på leit etter påskeegg som var gjømt rundtom i nærområdet. Dette var veldig kjekt!



2021 blei et fint år på naustet sjøl om pandemien satt litt begrensinger. I badesesongen (som på Glesvær er hele året for mange) har vi hatt god aktivitet frå Allidretten, skuleklasser, aktivitet for medlemmer på eigenhand og Basecamp Straume. Vi har også hatt kurs i brettsegling og foil.



GUIL idrett har i 2021 på ny saman med resten av idrettsverden hatt eit uvanleg år med særst lite aktivitet og vanskar med å planlegge for aktivitet og tilbod til medlemmar. Pandemien i landet har ført til at planlagde arrangement er blitt avlyst eller endra/tilpassa smittevern.

Grunna mangel på halltider i Spildahallen, har treningstilbod vaksne / «bygdatrening» ikkje blitt gjennomført som planlagt. Dette gjelder og klatregruppa. Det pågår ei evaluering av søknad/bruk av halltider, og håpar me får meir tid så dette kan ta seg opp i 2022!

Strilaman swimrun laurdag 28. august 2021. 26 par var påmeldt og arrangementet vart igjen gjennomført i praktfullt vær og med god stemning frå deltakarar og publikum!

7. november gjekk Glesværløpet av stabelen for 20. gong. Hurra for oss! 99 deltakarar fekk med seg jubileumsløpet i nydeleg haustvær. Marius Sørli sat ny løyperekord med tida 13.46!

Adventskalender blei ein stor suksess og i 2021! Mange solgte lodd, flotte premiar, og ikkje minst fornøgde vinnaren!

Det har vore utleie på det flotte huset vårt til både konfirmasjonar, bursdagar og anna sprell i år og. Det er utruleg kjekt at folk vil nytta da flotte huset vårt 😊 **(ein liten påminning om leige: Medlemmar kan bere leige til medlemspris innad i husstanden)**



2021 gav idrettsglede for GUIL's allidrettsgrupper med mange fantastiske opplevelser, tross amputerte samlingar grunna covid. 74 born fordelt på fire grupper, og lange ventelister. Gruppene samarbeider på tvers, og brukar HEILE nærområdet som treningsplass 😊 Men årets absolutte høgdepunkt er sjøsportsesongen, der dei har eit «hav» av moglegheiter! Dei fire gruppene har rekruttert treningsveilederar, og har fleire aktive både foreldre og besteforeldre som er med som støtte. Det er

og gjennomført livdrenningskurs for trenere. Lista på dei ulike aktivitetane er LANG! Swimrun Ung var ein stor suksess for barna i 2021. Alle borna viser stor og god progresjon i ulike nivå.



GUIL har i 2021 vore medlem i:

- GUIL er medlem av
 - o Norges Friidrettsforbund v/ allidrett Unni Kausland
 - o Norges seilforbund. V/Halvard Kallestad
 - o Norges klatreforbund v/ Randi Glesnes
 - o Norges kajakkforbund. v/ Sjur Krog
 - o Folkeakademiet

SYKKELPARKEN

For et år 2021 blei! Hausten 2020 starta vi med ide, og våren 2021 stod sykkelparken klar.

Dette viser at det er mogleg å få til fantastiske prosjekter med godt gammaldags GUIL pågangsmot og dugnadsvilje. Finansieringa av dette prosjektet gjekk på skinner, det viser at om ein har en god og unik ide som kommer fellesskapet til gode, da sitter støtte- og sponsormidlar laust om ein er flink å selje ideen.

Syden opning i juli ble det som venta veldig store besøkstal, helt til frosten kom. Vi fekk ikkje heldt opningsevent pga pandemi, så det planlegg vi til våren 2022. Da blir det konkurransar og mykje moro.

Det er veldig mange støttespelaren vi må takke ift realiseringa av dette anlegget! Sponsorlista er lang, og bidragande frå næringslivet er formidable 😊

Vi skal ferdigstille toppen av sykkelparken med mur og gjerde, samt vi er i planleggingsfasen mtp eit skateboardområde inne i parken. Vi ønsker oss også et bygg i sykkelparken, men det er uvisst om vi kjem til å prioritere dette i 2022.



[Glesnes Ungdomslag](#) er på Facebook, og alle arrangement annonserast der. Det er vår infokanal – **LIK OSS** 😊

[Sjøvang](#) – er ei eiga gruppa på Facebook, hugs å melda deg på denne sida for oppdatering om vannsportsaktivitetar. **BLI MED** 😊

[GUIL klatregruppe](#) – er ei gruppe på facebook, som er ope for alle medlemmer og klatreinteresserte. **BLI MED** 😊

[Spildepollen Sykkelpark](#) – ei gruppe på facebook for info om sykkelparken, utleige av utstyr mm

glesnesungdomslag.no – Her kan du sjå korleis du bli medlem av GUIL, info om laget og div.

GUIL kan støttast gjøna Grasrotandelen hjå Norsk Tipping – Under «min side» i Norsk Tipping appen kan du sjølv legge oss til. Eller spør om hjelp der du tippar!

GUIL har VIPPS - **#508246**. Nyttast ved leige av utstyr på Sjøvang og ved ulike arrangement på og utanfor huset.

Økonomi – GUIL har ein sunn økonomi.

For å få laget til å gå slik det gjer, er det alltid folk som jobbar på for å få dette til. Utan dei frivillige hadde det ikkje vore mogleg å gjennomføre. Derfor må me retta ei stor takk til alle dei frivillige som stillar opp og jobbar på for å få dette til! 😊 Me har sikkert gløymd noko eller nokon her, så det ber me om unnskyldning for. Igjen, tusen takk for all deltaking og innsats i 2021!

Med beste helsing
Styret i GUIL